


# Orientering til deg som søker om parkeringstillatelse for forflytningshemma



**Gol kommune**  
Gamlevegen 4, 3550 Gol

Samferdselsdepartementet har fastsatt særskilte bestemmelser om parkering for forflytningshemmede, se forskrift av 15. mars 1994 nr 222.

## Det blir oppfordra om å lesa denne sida før utfylling av søknaden.

Parkeringsstillatelse er meint som hjelpemiddel for personar som på grunn av vesentleg nedsatt forflytnings-  
evne har eit særleg behov for parkeringslette på ein eller fleire konkrete stader. For at parkeringstillatelse  
skal bli gitt, er det ikkje tilstrekkelig å påvise ein sjukdomstilstand som begrensa forflytningsevna. Det blir i  
tillegg krevd at det ordinære parkeringstilbodet ikkje er tilstrekkelig til å dekka søkerens behov. Parkerings-  
stillatelsen er ikkje meint som ein økonomisk støtteordning. Problem med å bære blir i liten grad vektlagt.

**Legeerklæring:** Legeerklæringa skal vera godt utfylt med opplysningar om din medisinske situasjon,  
diagnose samt kor mange meter du er i stand til å gå med og uten hjelpemidlar og om du bruker krykker,  
stokk, rullator eller rullestol. Erklæringa dannar det medisinske grunnlaget for vurderinga.

**Din søknad:** Det er i sjølve søknaden du må få fram opplysningar som tilsier at du har eit særleg behov for  
parkeringslettelse. Det vil si at du må beskrive kvifor det ordinære parkeringstilbodet på stadene du ofte  
besøker ikkje kan nyttast. I søknadsskjemaet er det teke med ulike forhold vi ynskjer svar på. Det vert  
anbefalt at du fyller det ut nøyaktig, slik at vi får eit godt bilete av ditt behov, samt at vi ikkje brukar unødig  
lang tid på behandling av søknaden.

## Tenk godt igjennom:

- Kvar er det du har problemer med å parkere og kor ofte er du her? (stedsnavn/gatenavn må oppgis)
- Kvifor er det vanskelig å parkere her?
- Kva slags parkeringsplassar finns her?
- Kva er det som gjer at du ikkje kan bruke dei ordinære plassane her?
- Korleis vil ein parkeringstillatelse konkret hjelpe deg på desse bestemte stadene?
- Er du ofte til behandling, opptrening eller hjå lege så hører om du kan få dokumentasjon på dette.

**Søker du som passasjer?** Forflytningshemma som ikkje køyrer sjølv, skal som hovudregel køyrast til  
bestemmelsesstaden og ledsagast inn. Deretter skal bilførar flytte bilen til ordinær parkeringsplass. Det er  
ikkje nødvendig med parkeringstillatelse for å gjera dette. Parkeringsstillatelse vert derfor tildelt når den som  
blir transportert ikkje kan forlatast aleine (for eksempel på venteværelset) medan bilen blir flytta. Dette må  
koma fram av legeerklæringa og søknaden.

**Vedlegg:** Passfoto.

## Søknad med vedlegg sendast til:

Gol kommune  
tenestetorget  
Gamlevegen 4  
3550 Gol